Sunnfjord kommune

Konkurransegrunnlag
Nytt yttertak - Slåtten skule, Hus 4 – Totalentreprise

Open anbodskonkurranse etter del I og II i anskaffingsforskrifta

Innhald

1 Generell skildring 3

1.1 Oppdragsgjevar 3

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang 3

1.3 Kontrakt NS8407 4

1.4 Krav til lønns- og arbeidsvilkår mv. 4

1.5 Krav til lærlingar 4

1.6 Eigenerklæring om russisk involvering 4

1.7 Deltilbod 5

1.8 Språk 5

1.9 Tidsfristar 5

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen 6

2.1 Anskaffingsprosedyre 6

2.2 Offentlegheit og teieplikt 6

2.3 Personvern 7

2.4 Atterhald 7

2.5 Skatteattest ..... **Feil! Bokmerke er ikkje definert.**

3 Kvalifikasjonskrav 8

3.1 Leverandøren sin registrering, autorisasjon mv. 8

3.2 Attest for skatt, arbeidsgjevaravgift og mva 8

3.3 Økonomisk og finansiell stilling 9

3.4 Støtte seg på kapasitet til underleverandørar 9

4 Tildelingskriterium 10

4.1 Pris 10

4.2 Oppdragsspesifikk kompetanse 11

4.3 Klima og miljø ..... **Feil! Bokmerke er ikkje definert.**

5 KRAV TIL TILBODET 13

5.1 Levering av tilbodet 13

5.2 Signering av tilbodet 13

5.3 Vedståingsfrist 13

5.4 Atterhald og avvik 13

5.5 Utforming av tilbodet 14

6 Vedlegg 15

1 Generell skildring

Invitasjon

1.1 Oppdragsgjevar

Sunnfjord kommune (org.nr. 921244207) er oppdragsgjevar. Les om kommunen på våre heimesider http://www.sunnfjord.kommune.no.

All kommunikasjon med oppdragsgjevar skal skje gjennom kommunen sitt KGV-system. Oppdragsgjevar bruker EU-supply.

Er du ikkje brukar hjå EU-supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-supply brukarstøtte.

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang

Oppdragsgivar, Sunnfjord kommune, innbyr med dette til konkurranse om kontrakt gjeldande nytt yttertak på Hus 4 (idrettshall) på Slåtten skule.

Arbeidet skal utførast på adresse Angedalsvegen 71, 6810 Sunnfjord kommune. Gards/bruksnummer: 23/29

Arbeidet omfattar i hovudsak renovering av ca. 840 m2 (ca. mål horisontalprojeksjon) tak ned til undertak. Takstein, lekter, sløyfelekter skal fjernast og leggast nytt. Det skal leggast robust dampopen membran opp på eksisterande undertak. Dersom undertaket har fuktskade eller av anna årsak er dårleg skal dette bytast ut. Eventuell utskifting av undertak oppgjerast etter medgått tid og materiell. Vidare så skal alt av vindskeier, loddbord, takrenner, nedløpsrøyr, sløysbeslag og andre beslag bytast ut. Ventilasjonshattar inklusive bly skal bytast ut. Takvindauge fjernast i sin heilheit og tett yttertak byggast opp igjen.

VELUX-takvindauge og elektrisk solskjerming fjernast permanent og erstatte det med et tett yttertak, takets lagstruktur byggas opp igjen i det opninga slik at det blir helt luft-, isolasjons- og tett. Innertak byggas opp etter tilsvarande eksisterande løysing.

Eksisterande snøfangarar skal fjernast og det skal monterast nye på heile takarealet etter dagens krav.

Området må forsvarleg sikrast med byggegjerde og inngangsparti og rømmingsvegar sikrast trygg bruk i heile byggeperioden da Hus 4 blir brukt i opningstider for SFO, i skuledrift og på kveldstid.

For ytterlegare omtale av prosjektet sjå vedlegg «V01 – Omtale av prosjekt – Nytt yttertak – Slåtten skule, Hus 4».

Kontraktens oppstart (prosjektering) er satt til oppstart i september, med forventa ferdigstilling i løpet av våren 2027.

Tilbodet leverast som fastpris utan prisregulering og skal leverast gjennom KGV-system.

Verdien på oppdraget for nytt yttertak er estimert til ca. kr 3 000 000. ekskl. mva.

Oppdragsgjevar presiserer at verdien på oppdraget er eit estimat og skal ikkje medføre nokon forplikting for oppdragsgjevar eller rettigheiter for leverandøren. Oppdragsgjevar tek atterhald om endringar i volum som følge av endra økonomiske rammevilkår, organisatoriske endringar og kommunal aktivitet.

1.3 Kontrakt NS8407

Kontraktsforholdet vil bli regulert av NS 8407:2011, spesifisert i "Kontraktsgrunnlag for totalentreprise Del II", samt tilhøyrande seriøsitetsføresegner. Konkurransegrunnlaget med vedlegg er ein del av kontraktsdokumenta. Leverandøren må setje seg inn i alle kontraktsvilkåra.

Utkast til kontraktsformular (V30) følger vedlagt. Spesielle kontraktsføresegn går fram av V31 Seriøsitetføresegn bygg og anlegg.

1.4 Krav til lønns- og arbeidsvilkår mv.

I vedlagte kontraktsvilkår er det stilt krav som sikrar at arbeidstakar hos leverandøren og eventuelle underleverandørar som utfører arbeid på kontrakta har lønns- og arbeidsvilkår mv. i henhold til forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar mv.

Det vert stilt krav til at leverandør/underleverandørar dokumenterer lønns- og arbeidsvilkåra for arbeidstakar som utfører arbeid på kontrakta. Oppdragsgjevar vil føre kontroll med at kontraktsvilkåra vert overhaldt og sette i verk nødvendige sanksjoner dersom føresegna ikkje vert følgt.

1.5 Krav til lærlingar

Kontrakten vil innehalde krav til lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter (FOR-2016-12-17-1708).

1.6 Eigenerklæring om russisk involvering

Forskrift om restriktive tiltak Vedrørande handlingar som undergrev eller truer Ukrainas territoriale integritet, suverenitet, uavhengigheit og stabilitet (FOR-2014-08-15-1076) § 8n gjeld følgande:

Det er forbode å tildele offentlege kontraktar til:

- russiske borgarar eller føretak etablert i Russland
- føretak som er meir ein 50 % eid av slike borgarar eller føretak
- føretak som handlar på vegne av eller etter instruks frå de nemnte aktørane.

Forbodet gjeld også dersom underleverandørar eller samarbeidspartnarar frå lista over skal levere meir ein 10 % av kontraktsverdien.

Leverandøren skal erklære at dette forbodet ikkje er til hinder for tilbodet ved å signere og leverer eigenerklæring (vedlegg V26).

1.7 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje deltilbod eller alternative tilbod.

1.8 Språk

Alle tilbodsdokument skal vere på norsk. All kommunikasjon, både muntleg og skriftleg, være på norsk. All dokumentasjon og leveransar i oppdraget skal vere på norsk.

1.9 Tidsfristar

Oppdragsgjevar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering	28.08.2026
Felles synfaring	05.09.2026
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	09.09.2026 kl.12.00
Tilbodsfrist	18.09.2026 kl.12.00
Evaluering	Veke 39/40
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 39/40
Karensperiode	10 dagar
Kontraktsinngåing	Veke 41/42
Vedståingsfrist for tilbodet	90 dagar
Ferdigstilling og overtaking av arbeida senast.	01.05.2027

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda er rettleiande. Vi tek atterhald om eventuelle endringar i framdriftsplanen.

Ein eventuell forleingjeng av vedståingsfristen kan likevel berre skje med leverandørens samtykke

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen

2.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) med tilhøyrande forskrift av 12. august 2016 nr. 974 (FOA), samt dei bestemmelsar som går fram av dette konkurransegrunnlaget.

Konkurransen blir gjennomført som open tilbodskonkurranse etter forskrifta si del I og II.

Ved denne prosedyreforma kan alle interesserte leverandørar levere tilbod.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan dialog med leverandørane, utover eventuelle avklaringar eller korrigeringar.
Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer dette som føremålstenleg. Dersom oppdragsgjevar vel å forhandle, vil det bli gjort ei første utveljing basert på ei vurdering av tildelingskriteria som er oppgjevne i punkt 2, med den vektinga som er oppgjeven der. Det blir likevel presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod, og at dei derfor må levere sitt beste tilbod innan tilbodsfristen.

Konkurransen er kunngjord på Doffin.

2.2 Offentlegheit og teieplikt

Innsyn i tilbod følgjer føresegnene i offentleglova (offl.), jf. FOA § 7-3.
I tråd med offl. § 23 tredje ledd vil oppdragsgjevar halde anskaffingsprotokollen og tilboda i konkurransen skjerma for offentleg innsyn fram til valet av leverandør er gjort. Anskaffingsprotokollen blir gitt ut ved tildeling.

Etter tildeling kan det givast innsyn i tilboda, men med unntak for opplysningar som etter nærare vurdering er å rekne som underlagde teieplikt, jf. FOA § 7-3 samanhalde med offentleglova § 13 og føresegnene i forvaltningslova. Dette gjeld typisk opplysningar som kan reknast som forretningsløyndomar.

Tilbydar skal levere ei komplett elektronisk utgåve av tilbodet, med alle vedlegg, der alt tilbydar vurderer som forretningsløyndom er tydeleg markert. De skal også signere og levere eigenerklæring om teiepliktige opplysningar (vedlegg V24).Ved anmodning om innsyn, skal oppdragsgjevar, uavhengig av leverandøren, vurdere om opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevar plikter å unnta dei frå offentlegheita.

Vi ber om at eventuelle førespurnader om innsyn blir sende via KGV.

2.3 Personvern

Dersom personopplysningar, til dømes namn på tilbydde ressursar, CV-ar eller liknande vert levert inn som ein del av tilbodet/førespurnad vil oppdragsgjevar vere behandlingsansvarleg for disse opplysningane etter mottak. Personopplysningane vil berre bli brukt i forbindelse med gjennomføring av innkjøp og eventuelt i kontraktoppfølgjng dersom leverandør vert tildelt kontrakt.

Som offentleg verksemd er oppdragsgjevar forplikta til å holde arkiv, jf. arkivlova § 6. Arkivplikta inneber at opplysningar ikkje kan vert sletta utan at det ligg føre heimel for kassasjon i eller i medhald av arkivlova. GDPR inneber at arkivlova sine reglar om bevaring vil gå framfor retten til sletting, jf. GDPR art. 17. Det vert gjort merksam på at personopplysningar som vert levert inn som ein del av tilbodet vil bli arkivert i samsvar med gjeldande regler.

2.4 Atterhald

Oppdragsgjevaren tek atterhald om at konkurransen kan bli avlyst dersom det ligg føre sakleg grunn, til døme bortfall av planlagt finansiering, manglande politisk godkjenning eller forhold som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre prosjektet innan vedtekne økonomiske rammer.

3 Kvalifikasjonskrav

Føremålet med å stille krav til leverandørane sine kvalifikasjonar er å sikre at leverandørane er i stand til å oppfylle ei eventuell avtale og såleis oppdragsgjevar sitt føremål med anskaffinga.

Dersom leverandøren er klar over at opplysningane det er bede om under kvalifikasjonskrava kan gje uvisse om leverandøren si evne til å oppfylle ei avtale, bør relevant tilleggsinformasjon leggast ved tilbodet. Det må gå klart fram av tilbydar sitt tilbod kva kvalifikasjonskrav vedkomande tilleggsinformasjon knyter seg til. Alle kvalifikasjonskrav må vere oppfylt for at leverandør skal bli kvalifisert og få sitt tilbod evaluert.

Dersom kvalifikasjonskrava ikkje er oppfylt vil tilbodet verte avvist jf. FOA § 9-5.

3.1 Leverandøren sin registrering, autorisasjon mv.

Krav	**dokumentasjonskrav**
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregjester, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert	For norske leverandørar: • Firmaattest For utanlandske leverandørar: • Godtgjering på at selskapet er registrert i eit føretaksregjester, fagleg regjester eller eit handelsregjester i den staten leverandøren er etablert

3.2 Attest for skatt, arbeidsgjevaravgift og mva

Krav	**dokumentasjonskrav**
Tilbydar skal ha ordna forhold m.o.t. innbetaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift. Ved bygge- og anleggskontrakter skal også alle underleverandørar levere skatteattest ved inngåing av kontrakt knytt til oppdraget, som overstig kr 500 000 ekskl. mva.	Skatteattestar ikkje eldre ein 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Med skatteattest meinast: For norske leverandørar: • Attest for skatt og meirverdiavgift Attestane kan tingast hjå Altinn.no. For utanlandske leverandørar: • Utanlandske leverandørar må framlegge tilsvarande attestar frå sine land som viser at dei har ordna skatte- og avgiftforhold.

3.3 Økonomisk og finansiell stilling

Krav	dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha økonomisk kapasitet til å kunne oppfylle avtalen.	Oppdragsgjevar vil gjennomføre ei vurdering av økonomien gjennom firma og regnskapsinformasjonssystemet Proff Forvalt (www.forvalt.no). Oppdragsgjevar tek atterhald om å innhente supplerande informasjon om leverandørens økonomi. Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å legge frå ein dokumentasjon oppdragsgjevar har kravd/vil nytte, kan dei dokumentere økonomiske og finansielle kapasitet ved å legge frå eit kvart anna dokument som oppdragsgjevar vurderer som egna.

3.4 Støtte seg på kapasitet til underleverandørar

Leverandøren kan for denne kontrakta støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet

Dersom leverandøren er avhengig av andre verksemder for å oppfylle dette kvalifikasjonskravet, skal leverandør og støtteverksemda vere solidarisk ansvarlege for forpliktingar etter avtalen. Alternativt kan leverandør levere ein sjølvskuldnargaranti der støtteverksemda garanterer for leverandørens forpliktingar etter avtalen. Dette blir dokumentert ved å stadfeste slikt ansvar/sjølvskuldnargaranti i forpliktelseserklæringar. Vedlagt mal V25 skal nyttast.

Der leverandør støttar seg på annan verksemd, vil Oppdragsgjevar nytte Proff Forvalt til å gjere ei vurdering av økonomien til støtteverksemda på same måte og tek atterhald om å innhente supplerande informasjon om støtteverksemda.

4 Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av det beste forholdet mellom pris og kvalitet med følgande kriterium for tildeling:

- Pris 50 %
- Oppdragsspesifikk kompetanse 20 %
- Klima og Miljø 30 %

4.1 Pris

Vekting

Tildelingskriteriet «Pris» vektast 50 %.

Orientering og dokumentasjon

Leverandøren skal fylle ut prisskjema vedlegg og levere i excel-format. Vidare skal leverandøren fylle ut tilbodsbrev vedlegg med «Total evalueringssum (1 og 2)» frå prisskjema. Vedlagt mal V20 og V21 skal nyttast.

Prisane skal oppgjevast eks. mva.

Prisane og eventuelle påslag skal inkludere alle utgifter slik som f.eks. løn, sosiale utgifter, tarifferte godtgjeringar, reisetid, reiseutgifter, oppmøtekostnader og eventuelle godtgjeringar for diett og overnatting, hold av alt verktøy og reiskap, rigg og drift heile året, uttak av materialar, utgifter til stadleg arbeidsleiing, hovudadministrasjon, forteneste, oppfølging og kontroll med egne utførte arbeider og alle andre kostnadselement/drivarar, slik at desse er utan påslag av noko art ved av rekninga.

Prisevaluering ved manglande prising av enkelte linjer i prisskjemaet: Alle felt i prisskjema skal besvarast. Fastprisar som evt. ikkje er prisa forutsettast inkludert i andre poster. Dersom tilboda manglar timeprisar og/eller påslagprosentar angitt i prisskjemaet under tilleggsarbeid/rekningsarbeid, vil oppdragsgjevar legge til grunn timeprisen og/eller påslaget til dyraste leverandør påplussa 15% ved evaluering av kriteriet pris. Valte leverandør sitt innleverte prisskjema gjerast kontraktsrettsleg gjeldande, sjølv om det er føreteke korrigeringar i sammanheng med evalueringa.

Evaluering

Evalueringssum i prisskjema er grunnlaget for evalueringa. Oppdragsgjevar vil justere prisane for openbare reknefeil. Ved evalueringa av kriteria vil det bli sett poeng der lågaste pris får høgst poeng (10). Øvrige leverandørar får poeng etter følgande formel (lineær modell):

$$poeng = maxpoeng \cdot (1 - \frac{pris - laveste\ pris}{laveste\ pris})$$

Det vert ikkje gjett lågare poengscore enn 0.

Poengsummen som vert gjett for kvart tildelingskriterium vert multiplisert med kriteriets vekt (prosent).

4.2 Oppdragsspesifikk kompetanse

Vekting

Tildelingskriteria «Oppdragsspesifikk kompetanse» vektast 20 %.

Orientering og dokumentasjon

Leverandør skal svare på tildelingskriteriet i vedlegg. Vedlagt mal V22 skal nyttast. Evalueringa bygger BERRE på svar som vert oppgitt i svarboksane i nemnde vedlegg og det skal ikkje bli vist til vedlegg. Det vil bli sett bort frå eventuelle vedlegg ved evalueringa av tilbodet. Dersom i vedlegg 2 berre står «Sjå vedlegg» vil dette svaret få maksimalt poengtrekk i evalueringa. Unntak gjeld dersom de spesifikt blir bedt om å laste opp vedlegg**.**

Oppdragsgjevar gjer merksam på at det er tilbydt personell som skal utføre oppdraga. Avvik og endringar av personell må bli godkjent av oppdragsgjevar.

- Oppgje kven som skal være **prosjektleiar (PL)** og denne sin deltakar i prosjektet i prosent. Du skal IKKJE legge ved noko vedlegg (CV, kursbevis, sertifikat eller liknande), men beskrive følgande punkt:
    - Namn
    - Utdanning og relevante kurs
    - Relevant arbeidserfaring/bakgrunn
    - Beskriv erfaring frå tilsvarande rolle i relevante prosjekt for namngitte kundar

- Oppgje kven som skal være **anleggsleiar/forman på staden** og denne sin deltaking i prosjektet i prosent. Du skal IKKJE legge ved nokon vedlegg (CV, kursbevis, sertifikat eller liknande), men beskrive følgande punkt:
    - Namn
    - Utdanning og relevante kurs
    - Relevant arbeidserfaring/bakgrunn
    - Beskriv erfaring frå tilsvarande rolle i relevante prosjekter for namngitte kundar

- De skal legge ved organisasjonsplan for oppdraget.

Evaluering

På bakgrunn av svar frå leverandøren vil det ved evaluering bli gjort ei samla innkjøpsfagleg vurdering. Beste svar tildelast høgst poeng (10). Dei andre svara tildelast poeng etter eit skjønn ut frå korleis tilbodet er i forhold til det beste tilbodet. Poengskalaen går frå 0-10. Det vert nytta kvarte poeng.

Poengsummen vert multiplisert med kriteriets vekt (prosent).

4.3 Klima og miljø

Vekting

Tildelingskriteria «Klima og miljø» vektast 30 %.

Orientering og dokumentasjon

Tilbyder skal svare ut spørsmål i vedlegg. Vedlagt mal V23 skal nyttast. Evalueringa bygger BERRE på svar som vert oppgitt i svarboksane i nemnde vedlegg og det skal ikkje bli vist til vedlegg. Det vil bli sett bort frå eventuelle vedlegg ved evalueringa av tilbodet. Dersom det i vedlegg V5 berre står «Sjå vedlegg» vil dette svaret få maksimalt poengtrekk i evalueringa. Unntak gjeld dersom de spesifikt blir bedt om å laste opp vedlegg**.**

De skal beskrive korleis klima- og miljømessige vurderingar i utføringa av oppdraget ivaretakast, blant anna med tanke på bruk av miljøstyringssystem og konkrete klima- og miljøtiltak i gjennomføringa.

Evaluering

På bakgrunn av svar frå leverandøren vil det ved evaluering bli gjort ei samla innkjøpsfagleg vurdering. Beste svar tildelast høgst poeng (10). Dei andre svara tildelast poeng etter eit skjønn ut frå korleis tilbodet er i forhold til det beste tilbodet. Poengskalaen går frå 0-10. Det vert nytta kvarte poeng.

Poengsummen vert multiplisert med kriteriets vekt (prosent).

5 KRAV TIL TILBODET

5.1 Levering av tilbodet

Tilbodet skal leverast elektronisk via KGV (EU-supply) innan tilbodsfristen. Den elektroniske adressa til systemet vil bli oppgitt i Doffin. Tilbod som blir sendt per post eller e-post, vil bli avvist.

EU-supply tillèt ikkje innsending av tilbod etter at tilbodsfristen har gått ut.

Oppdragsgjevar oppmodar om å levere tilbod i god tid. Tilbod kan takast tilbake eller endrast fram til tilbodsfristen går ut. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Ei endring av tilbodet blir rekna som eit nytt tilbod.

5.2 Signering av tilbodet

Tilbodet skal signerast av person eller personar som etter firmaattesten kan forplikte selskapet. Dersom annan person er gitt fullmakt til å signere tilbodet skal fullmakta bli lagt ved tilbodet.

5.3 Vedståingsfrist

Leverandøren er bunden av tilbodet til det tidspunktet som er opplyst i EU-supply.

5.4 Atterhald og avvik

Eventuelle atterhald til konkurransegrunnlaget, inkludert vedlegg, skal spesifiserast klart og tydeleg i tilbodsbrevet. Leverandøren må skildre kva konsekvensar atterhalda får, og prisfesta konsekvensane. Det same gjeld for avvik. Atterhald og avvik skal vere presise og tydlege i tilbodsbrevet slik at oppdragsgjevar kan vurdere dei utan kontakt med leverandøren.

Leverandørane må vere merksame på at atterhald kan føre til at tilbodet vil bli avvist. FOA kapittel 9 har regler om både oppdragsgjevar sin plikt og rett til å avvise. Desse reglane gjeld i konkurransen.

Oppdragsgjevar vil minne om at det er leverandøren som har risikoen for uklarheiter i tilbodet jf. FOA § 9-1 og at oppdragsgjevar mellom anna kan avvise tilbod som ikkje oppfyller krava til utforming som oppdragsgjevar har satt

5.5 Utforming av tilbodet

Tilbodet med vedlegg skal vere skrive på norsk.

Tilbodet skal innehalde alle opplysningar som denne tilbodsinnbydinga stiller krav om.

Vi ber om at tilbodet følger disposisjonen under og at dokumenta merkast med same nummerering og namn.

1 Tilbodsbrev- etter vedlagte mal sjå avsnitt 4.1

2 Svar på kvalifikasjonskrav

- 2.1 Firmaattest – sjå avsnitt 3.1
- 2.2 Skatteattest – sjå avsnitt 3.2
- 2.3 Forpliktelseserklæring, dersom relevant – sjå avsnitt 3.4

3 Svar på tildelingskriteria

- 3.1 Prisskjema - bruk vedlagt mal - sjå avsnitt 4.1
- 3.2 Svar på tildelingskriteriet Oppdragsspesifikk kompetanse – Sjå avsnitt 4.2
- 3.3 Svar på tildelingskriteriet Klima og miljø – Sjå avsnitt 4.3

4 Sladda versjon av tilbodet

- 4.1 – Sladda versjon av tilbodet – sjå avsnitt 2.2
- 4.2 – Eigenerklæring teiepliktige opplysningar og grunngjeving for sladding/erklæring - bruk vedlagt mal - sjå avsnitt 2.2

5 Anna

- 5.1 – Eigenerklæring om russisk involvering – sjå avsnitt 1.6

6 Vedlegg

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet og følgande vedlegg:

Informasjon om oppdrag

- V01 – Omtale av prosjekt – Nytt yttertak – Slåtten skule, Hus
- V02 – SHA-plan

Teikning

- V10 1993-05-27 217 Situasjonsplan
- V11 1993-05-27 217 Plan Hus 4 underetasje
- V12 1993-05-27 217 Snitt D-D, J-J, K-K, L-L, M-M
- V13 1993-11-01 217 Fasader Hus 4
- V14 1993-11-01 217 Snitt og fasader Hus 4
- V15 2016-05-06 Rømningsplan 1 Hus 4

Mal

- V20 – Tilbodsbrev - mal
- V21 – Prisskjema - mal
- V22 – Svar på tildelingskriteria oppdragsspesifikk kompetanse - mal
- V23 – Svar på tildelingskriteria klima og miljø - mal
- V24 – Eigenerklæring teiepliktige opplysningar - mal
- V25 – Forpliktelseserklæring - mal
- V26 – Eigenerklæring Russisk involvering - mal

Anna

- V30 – Kontraktsformular NS8407A
- V31 - Seriøsitetføresegn